



Jibo Consult John Ingvald Økland  
Pb. 29  
5358 FJELL

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1664 - 17/13998

Saksbehandlar:  
Marianne Aadland Sandvik  
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.  
no

Dato:  
03.07.2017

## Godkjenning - GBNR 10/274 - Løyve til oppføring av mur - Holmefeltet

**Administrativt vedtak. Saknr: 193/2017**

**Tiltakshavar:** Thomas Ellingsen  
**Ansvarleg søkjar:** JIBO Consult v/John Ingvald Økland  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar søkt om løyve i eitt trinn for oppføring av mur på gbnr. 10/274.

Muren er omsøkt plassert i grensa mot gbnr. 10/40, 10/56 og 10/273. Det vert vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 22.6.2017.

### VURDERING:

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3 første ledd, og det er ikkje kome merknadar til tiltaket. Administrasjonen vurderer nabovarslinga som tilstrekkeleg.

#### Lov- og plangrunnlag:

Oppføring av konstruksjon i form av ein mur er «tiltak» etter pbl § 20-1 bokstav a), og er søknadsploktig med krav om ansvarleg føretak, jf. pbl §§ 20-3, jf. 20-2.

Den omsøkte eigedomen er regulert til bustadformål i Reguleringsplan for Holmemarka aust, planid: 125620031029. Oppføring av mur rundt bustadtomten er i samsvar med gjeldande arealformål.

#### Plassering:

Det følgjer av pbl § 29-4 første ledd at kommunen skal godkjenne eit byggverk si plassering, og at byggverk skal ha 4 meters avstand til nabogrenser, jf. andre ledd. For varige konstruksjoner gjeld føresegna så langt den passar, jf. pbl § 30-4 første ledd. Ettersom omsynet til branntryggleik, lys og luft kan få betydning ved oppføring av ein mur med gjerde, gjer avstandskravet i pbl § 29-4 andre ledd seg gjeldande i denne saka.

Muren er omsøkt plassert i nabogrensa mot gbnr. 10/40, 10/56 og 10/273. Ettersom eigar av desse eigedomane har samtykka til plassering av muren 0 meter frå nabogrensa, kan kommunen godkjenne omsøkt plassering, jf. pbl § 29-4 tredje ledd bokstav a). Nabosamtykke er gitt under føresetnad av at tiltaket blir utført brannteknisk på ein slik måte at det ikkje får konsekvensar for naboeigedomane sin rett til utnytting av eigen eigedom. Kommunen føreset at dette blir fylgt opp.

#### Ansvarsrett:

Ansvarsrett og tiltaksklasse i saka går fram av erklæring om ansvarsrett, journalført motteke 22.6.2017. Ansvarleg i byggjesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl § 23-1, og skal sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

#### **VEDTAK:**

*«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a) løyve til oppføring av mur som omsøkt på gbnr. 10/274. Plassering skal vere som vist på vedlagte situasjonsplan, og muren skal utførast i samsvar med vedlagte teikningar, journalført motteke 22.6.2017.*

*Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.»*

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert

kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Situasjonsplan  
Snitt

**Kopi til:**

Thomas Ellingsen

Holsbergstien 29 5918

FREKHAUG

**Mottakere:**

Jibo Consult John Ingvald Økland

Pb. 29

5358

FJELL